



**HJELMELAND
KOMMUNE**

Sakspapir

Saksnr	Utal	Type	Dato
074/25	Areal- og forvaltningsutvalet	PS	26.08.2025
097/25	Formannskapet	PS	27.08.2025
064/25	Kommunestyret	PS	04.09.2025

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Haldis Karine Nilsen	K1-143	20/1120

KOMMUNEDELPLAN FOR BYGGERÅSTOFF OG MASSEHANDTERING 2.GONGS BEHANDLING

Vedlegg:

Kommunedelplan for byggeråstoff og massehandtering. Høyringsframlegg
Tabell_Høyringsuttalar oppsummert

Forslag til vedtak

Kommunedelplan for byggeråstoff (høyringsutkastet pr februar 2025) vert endra i tråd med konklusjon frå kommunedirektøren (sjå siste avsnitt i saksutgreiinga). Justert plan vert lagt fram for kommunestyret for endeleg godkjenning.

Hjelmeland, den 15.08.2025

Janne Johnsen
Kommunedirektør

Areal- og forvaltningsutvalet 074/25

AFU - behandling:

Behandling:

Endringsforslag, foreslått av Arthur Fjeldheim Egeland, Senterpartiet

07.2 Byggeråstoff

Endringsforslag:

Under kap 7.2.1 Pukk foreslår ein: 1 Området 1P Knutsvikheia skal ligge inne som masseuttaksområde.

2 Området 7P Dyneneset går ut som mulig framtidig område for pukkverk. Området vert heller ikkje teke med som omsynssone (mindre område, ikkje ynskje frå grunneigarar)

3 Området 6G sandanger Ingen endring

Under kapt 7.2.2 Sand og grus foreslår ein å leggja inn generelle rekkefølgekrav i kommuneplanen om

at ein alltid skal tilstrebe å ha minst mogleg uttak ope.

1 Innspel 1, del av 3G Moen i Jøsenfjorden: Ingen endring

2 Innspel 3, del av 1G Storhogg. Ingen endring

3 Del av 6G/RS8 Krossleite Ingen endring

4 12G Laugalandsbrekka Ingen endring

5 Del av ressurs 21G, vestre del av innspel 6, RS10 - Mæle, Årdal:

Berre den delen som ligg i gjeldande kommuneplan blir med vidare. Øvrige uttaksområder på Mele utgår både som uttak og omsynssone.

6 Del av ressurs 21G Innspel 6 austre del: vert teke ut av

plandokumentet då dette er for omstridt i forhold til sentral beliggenhet og forholdet til fornminner

7 Del av ressurs 23G - Tjentland: skal ligge inne som masseuttaksområde

8 Omsynssone Rivelandssområdet: justeres slik at tun og bygninger ligg utenfor omsynssone. Sjå papirkart.

Under kap 7.2.3 Naturstein: Ikkje endring.

Edringsforslag, foreslått av Arthur Fjeldheim Egeland, Senterpartiet

Punkt 05 massehåndtering.

Gammalt grustak på Ingvaldstad skal vurderes som uttak/massedeponi i kommuneplanens arealdel ref innspel nr. 15 frå grunneigar.

Bengt Åke Hauge (H) er inhabil i saka. Han ble erstatter av Torunn Munthe (H).

Berit Søvig Østerhus (SP) er inhabil i saka. Ingen erstatter møtte.

Røysting:

Forslag til endring av Arthur Fjeldheim Egeland (SP)

Det ble røysta punkt for punkt på endringsforslaga.

7.2.1. *(tillegg til opphavleg forslag)* Knutsvikheia skal ligge inne som masseuttaksområde.

Vedtatt mot ein stemme (Sværen, SV)

7.2.2 Sand og grus foreslår ein å leggja inn generelle rekkefølgekrav i kommuneplanen om

at ein alltid skal tilstrebe å ha minst mogleg uttak ope.

Samrøystes vedtatt.

Del 5 Øvrige uttaksområder på Mele utgår både som uttak og omsynssone.

Samrøystes vedtatt.

Del 7 Tjentland: skal ligge inne som masseuttaksområde

Samrøystes vedtatt.

Del 8 Omsynssone Rivelandssområdet: justeres slik at tun og bygninger ligg utenfor omsynssone.

Samrøystes vedtatt.

Punkt 05 massehåndtering.

Gammalt grustak på Ingvaldstad skal vurderes som uttak/massedeponi i kommuneplanens arealdel ref innspel nr. 15 frå grunneigar.

Samrøystes vedtatt.

Utvalet på heile planen med vedtatte endringsforslag.
Vedtatt mot ein stemme (Sværen, SV)

AFU - vedtak:

Kommunedelplan for byggeråstoff (høyringsutkastet pr februar 2025) vert endra i tråd med konklusjon frå kommunedirektøren (sjå siste avsnitt i saksutgreiinga). Justert plan vert lagt fram for kommunestyret for endeleg godkjenning.

07.2 Byggeråstoff

Endringsforslag:

Under kap 7.2.1 Pukk foreslår ein: 1 Området 1P Knutsvikheia skal ligge inne som masseuttaksområde.

Under kapt 7.2.2 Sand og grus foreslår ein å leggja inn generelle rekkefølgekrav i kommuneplanen om

at ein alltid skal tilstreba å ha minst mogleg uttak ope.

1 Innspel 1, del av 3G Moen i Jøsenfjorden: Ingen endring

2 Innspel 3, del av 1G Storhogg. Ingen endring

3 Del av 6G/RS8 Krossleite Ingen endring

4 12G Laugalandsbrekka Ingen endring

5 Del av ressurs 21G, vestre del av innspel 6, RS10 - Mæle, Årdal:

Berre den delen som ligg i gjeldande kommuneplan blir med vidare. Øvrige uttaksområder på Mele utgår både som uttak og omsynssone.

6 Del av ressurs 21G Innspel 6 austre del: vert teke ut av

plandokumentet då dette er for omstridt i forhold til sentral beliggenhet og forholdet til fornminner

7 Del av ressurs 23G - Tjentland: skal ligge inne som masseuttaksområde

8 Omsynssone Rivelandsområdet: justeres slik at tun og bygninger ligg utenfor omsynssone. Sjå papirkart.

Under kap 7.2.3 Naturstein: Ikkje endring.

Punkt 05 massehåndtering.

Gammalt grustak på Ingvaldstad skal vurderes som uttak/massedeponi i kommuneplanens arealdel ref innspel nr. 15 frå grunneigar.

Formannskapet 097/25

FSK - behandling:

Behandling:

Justert vedtak om Knutsvikaheia 1P, foreslått av Dagfinn Svadberg Hatløy, Senterpartiet

Under kap 7.2.1 Pukk: Området 1P Knutsvikheia utgår som mulig framtidig område for pukkverk.

Området blir LNF-område som i dag.

Forslag til vedtak vart røysta over punktvis:

Røysting:

Egeland, SP, fremja forslaget frå Areal- og forvaltningsutvalet:

07.2 Byggeråstoff

Endringsforslag:

Under kap 7.2.1 Pukk foreslår ein: 1 Området 1P Knutsvikheia skal ligge inne som masseuttaksområde. - **Falt** (mot 5 stemmer)

2 Området 7P Dyneneset går ut som mulig framtidig område for pukkverk. Området vert heller ikkje teke med som omsynssone (mindre område, ikkje ynskje frå grunneigarar): **Ingen endring**

3 Området 16P Sandanger: **Ingen endring**

Under kapt 7.2.2 Sand og grus foreslår ein å leggja inn generelle rekkefølgekrav i kommuneplanen om at ein alltid skal tilstrebe å ha minst mogleg uttak ope. - **Vedtatt** med 8 mot 1 stemme (Kleppa (SP))

1 Innspel 1, del av 3G Moen i Jøsenfjorden: **Ingen endring**

2 Innspel 3, del av 1G Storhogg: **Ingen endring**

3 Del av 6G/RS8 Krossleite: **Ingen endring**

4 12G Laugalandsbrekka: **Ingen endring**

5 Del av ressurs 21G, vestre del av innspel 6, RS10 - Mæle, Årdal: Berre den delen som ligg i gjeldande kommuneplan blir med vidare. Øvrige uttaksområder på Mele utgår både som uttak og omsynssone.

- **Samrøystes vedteke**

6 Del av ressurs 21G Innspel 6 austre del: vert teke ut av plandokumentet då dette er for omstridt i forhold til sentral beliggenhet og forholdet til fornminner: **Ingen endring**

7 Del av ressurs 23G - Tjentland: skal ligge inne som masseuttaksområde - **Vedtatt** mot 2 stemmer (Kleppa, Øye (SP))

8 Omsynssone Rivelandssområdet: Justeres slik at tun og bygninger ligg utenfor omsynssone. Sjå papirkart. - **Vedtatt** mot 2 stemmer (Kleppa og Øye (SP))

Under kap 7.2.3 Naturstein: **Ingen endring**

Punkt 05 massehåndtering.

Gammalt grustak på Ingvaldstad skal vurderes som uttak/massedeponi i kommuneplanens arealdel ref innspel nr. 15 frå grunneigar. - **Samrøystes vedteke**

Endringsforslag frå Hatløy, SP: **Vedtatt** med 5 mot 4 stemmer

Forslag frå Egeland (SP) / AFU med vedtekne endringar: **Vedtatt** mot 2 stemmer (Munthe (H) og Hauge (AP))

FSK - vedtak:

Kommunedelplan for byggeråstoff (høyringsutkastet pr februar 2025) vert endra i tråd med konklusjon frå kommunedirektøren (sjå siste avsnitt i saksutgreiinga). Justert plan vert lagt fram for kommunestyret for endeleg godkjenning.

07.2 Byggeråstoff

Endringsforslag (Endringane er understreka):

Under kap 7.2.1 Pukk: Området 1P Knutsvikheia utgår som mulig framtidig område for pukkverk.

Området blir LNF-område som i dag. **Vedtatt**

2 Området 7P Dyneneset går ut som mulig framtidig område for pukkverk. Området vert heller ikkje teke med som omsynssone (mindre område, ikkje ynskje frå grunneigarar): **Ingen endring**

3 Området 16P Sandanger: **Ingen endring**

Under kapt 7.2.2 Sand og grus foreslår ein å leggja inn generelle rekkefølgekrav i kommuneplanen om at ein alltid skal tilstrebe å ha minst mogleg uttak ope. - **Vedtatt**

1 Innspel 1, del av 3G Moen i Jøsenfjorden: **Ingen endring**

2 Innspel 3, del av 1G Storhogg: **Ingen endring**

3 Del av 6G/RS8 Krossleite: **Ingen endring**

4 12G Laugalandsbrekka: **Ingen endring**

5 Del av ressurs 21G, vestre del av innspel 6, RS10 - Mæle, Årdal: Berre den delen som ligg i gjeldande kommuneplan blir med vidare. Øvrige uttaksområder på Mele utgår både som uttak og omsynssone.

- **Vedtatt**

6 Del av ressurs 21G Innspel 6 austre del: vert teke ut av plandokumentet då dette er for omstridt i forhold til sentral beliggenhet og forholdet til fornminner: **Ingen endring**

7 Del av ressurs 23G - Tjentland: skal ligge inne som masseuttaksområde - **Vedtatt**

8 Omsynssone Rivelandssområdet: Justeres slik at tun og bygninger ligg utenfor omsynssone. Sjå papirkart. - **Vedtatt**

Under kap 7.2.3 Naturstein: **Ingen endring**

Punkt 05 massehåndtering.

Gammelt grustak på Ingvaldstad skal vurderes som uttak/massedeponi i kommuneplanens arealdel ref innspel nr. 15 frå grunneigar. - **Vedtatt**


Kommunestyret 064/25

KST - behandling:

Behandling:

Endring , foreslått av Johannes Soppeland, Høgre

Ønskjer å ta inn området på Mele, gnr/bnr 101/2 og 101/18 trikant som ligg inntil Årdalstunet:



Tilleggsforslag, foreslått av Arthur Fjeldheim Egeland, Senterpartiet

1. Område RS3 Naturstein opprettholdes i Arealplanen.

Endringsforslag, foreslått av Arthur Fjeldheim Egeland, Senterpartiet

Endringsforslag:

Under kap 7.2.1 Pukk foreslår ein: 1 Området 1P Knutsvikheia skal ligge inne som masseuttaksområde.

Følgjande representantar ba om habilitetsvurdering:

Sak 064/25 - Berit Østerhus, SP og Bengt Åke Hauge (H)

Røysting:

Begge vart røysta ugilde (samrøystes) - Per Mæhle (H) og Oddvar Skiftun (SP) stilte som vara

Røysting:

Endringsforslag frå Soppeland (H) - Mele: Vedtatt med 17 mot 2 stemmer (Kleppa (SP) og Sværen (SV))

Tilleggsforslag frå Egeland (SP) - RS3 Naturstein: Vedtatt mot 1 stemme (Hetlesæter (KrF))

Endringsforslag frå Egeland (SP) - Knutsvik: Vedtatt 10 mot 9 stemmer (Halsne og Hetlesæter (KrF), Øye, Hatløy, Kleppa og F. Riskedal (SP), Sværen (SV), Viga og Kleppa (H))

Innstilling frå formannskapet med vedtekne endringar: Vedtatt mot 2 stemmer (Sværen (SV) og Kleppa (SP))

KST - vedtak:

Kommunedelplan for byggeråstoff (høyringsutkastet pr februar 2025) vert endra i tråd med konklusjon frå kommunedirektøren (sjå siste avsnitt i saksutgreiinga). Justert plan vert lagt fram for kommunestyret for endeleg godkjenning.

07.2 Byggeråstoff

Endringsforslag (Endringane er understreka):

Under kap 7.2.1 Pukk: 1 Området 1P Knutsvikheia skal ligge inne som masseuttaksområde **Vedtatt**
2 Området 7P Dyneneset går ut som mulig framtidig område for pukkverk. Området vert heller ikkje teke med som omsynssone (mindre område, ikkje ynskje frå grunneigarar): **Ingen endring**
3 Området 16P Sandanger: **Ingen endring**

Under kapt 7.2.2 Sand og grus foreslår ein å leggja inn generelle rekkefølgekrav i kommuneplanen om at ein alltid skal tilstrebe å ha minst mogleg uttak ope. - **Vedtatt**

1 Innspel 1, del av 3G Moen i Jøsenfjorden: **Ingen endring**

2 Innspel 3, del av 1G Storhogg: **Ingen endring**

3 Del av 6G/RS8 Krossleite: **Ingen endring**

4 12G Laugalandsbrekka: **Ingen endring**

5 Del av ressurs 21G, vestre del av innspel 6, RS10 - Mæle, Årdal: Berre den delen som ligg i gjeldande kommuneplan blir med vidare. Øvrige uttaksområder på Mele utgår både som uttak og omsynssone.

- **Vedtatt**

6 Del av ressurs 21G Innspel 6 austre del: vert teke ut av plandokumentet då dette er for omstridt i forhold til sentral beliggenhet og forholdet til fornminner: **Ingen endring**

7 Del av ressurs 23G - Tjentland: skal ligge inne som masseuttaksområde - **Vedtatt**

8 Omsynssone Rivelandssområdet: Justeres slik at tun og bygninger ligg utenfor omsynssone. Sjå papirkart. - **Vedtatt**


Under kap 7.2.3 Naturstein: **Ingen endring**

Punkt 05 massehåndtering.

Gammalt grustak på Ingvaldstad skal vurderes som uttak/massedeponi i kommuneplanens arealdel ref innspel nr. 15 frå grunneigar. - **Vedtatt**

Ønskjer å ta inn området på Mele, gnr/bnr 101/2 og 101/18 trekant som ligg inntil Årdalstunet:

Vedtatt



1. Område RS3 Naturstein opprettholdes i Arealplanen. **Vedtatt**

Samandrag

Forslag til kommunedelplan byggeråstoff har vore ute til høyring i perioden 24.3.-16.4. Det er kome inne ei rekke merknadar til forslaget. I samband med høyringa er det også arbeidd ein del administrativt for å skaffa betre oversyn på status på eksisterande uttak. Kommunedirektøren tilrår å justera planframlegget ein del, sjå forslag under avsnitt "vurdering". Så vert det i etterkant lagt opp til at administrasjonen gjer ein jobb med endeleg forslag til formuleringar før kommunestyret får det endelege, justerte planframlegget til godkjenning.

Partar i saka:

Ikkje relevant

Fakta

A Sjølve bestillinga og vedtak av planforslag:

Kommunedelplan for byggeråstoff vart bestilt av kommunestyret i samband med revisjon av kommuneplanen sin arealdel i 2019 og vedtak av planstrategi 2020-2023.

Kommunestyret vedtok i november 2023 planprogrammet og vedtok også at pukk skulle vera ein del av den komande planen.

Målsettinga med planarbeidet vart i planprogrammet definert slik:

1 Gi eit oppdatert ressursoversyn over forkomstar av grus, pukk og naturstein, og for område for massehandtering.

2 Strategi for berekraftig forvaltning

3 Leggja til rette for føreseielege prosesser ved søknad om næringsetablering innafor desse felta

4 Fungera som kunnskapsgrunnlag ved revisjon kommuneplanen sin arealdel

Det vart invitert til innspelsrunde i perioden desember 23 - januar 2024. Det kom etter måten få innspel. I februar 2024 vart det gjennomført eit temasamling med kommunestyret om nettopp mineralressursene i kommunen. Men hausten 2024 vart det gjennomført eit informasjonsmøte i regi av interessent Mibau Stema på Jøsneset, og etter det møtet kom det inn ei rekke med

merknadar knytt til den bedriften sitt konkrete innspel i Knutsvikheia. Det kom også ei underskriftsliste mot tiltaket med vel 300 signaturer. I etterkant har mykje av merksemda kring planarbeidet vore knytt til nette denne biten som gjeld mulig pukkverk i Knutsvikheia.

I februar 2025 vart konkret forslag til plan behandla politisk, og vedteke lagt ut til høyring av kommunestyret (ksak 11/25). Høyringa har pågått i perioden 24.februar til 16 april, og det er kome rundt 80 merknadar. Hovudparten av desse omhandlar mulig pukkverk i Knutsvikheia.

B Høyringa:

I høyringsperioden har det vore gjennomført fire informasjonsmøte der byggeråstoffplanen har vore tema saman med kommuneplanen sin samfunnsdel. Desse møta vart gjennomførte i Jøsenfjorden, på Jøsneset, på Hjelmeland og i Årdal. Møtet på Hjelmeland vart i tillegg overført på nett. Oppmøtet har variert frå ca 10 (Hjelmeland) til rundt 100 personar (Jøsneset).

I samband med gjennomgang av innkomne merknadar er det også gjennomført teamsmøte med regionale styresmakter i form av fylkeskommunen og statsforvaltar. Det vart også gjennomført teamsmøte med Direktoratet for mineralforvaltning. I mai vart det gjennomført synfaring med kommunestyret til dei fleste av ressursområda.

Frå hausten 2024 til ganske nyleg har det vore ei rekke presseoppslag og debattinnlegg i regional og lokalaviser om dei ulike lokalitetane, hovudsakleg Knutviksvkheia. I Stavanger Aftenblad har det td vore oppslag som "Kjære folkevalgte i Hjelmeland, jeg får ikke sove"/"Hjelmeland må ta ansvar for hytteeierne på Jøsneset"/"Spiller Hjelmeland russisk rullelt med innbyggerne som innsats?"/"Hjelmeland kan få nye steinbrudd ved hytter og hus". I samband med dei grendevise infomøta, vart der også laga nokre små filmsnutter til Facebook for å reklamera for desse møta. Innhaldet i ein av desse hausta kritikk for å "henga ut" hytteigarar.

C Forholdet til eksisterande uttak

Parallelt med oppsummering av høyringsperioden er det også arbeidd med å få oversikt på dokumentasjon rundt dei uttaka av sand og grus som er pr idag. Eksisterande uttak dreier seg i hovudsak om Vadla/Østerhusområdet i Jøsenfjorden, samt Tveit/Ullestad/Kaltveit/Valheim/Tjentland i Årdal. Dette er uttak som har pågått over lang tid, og der kommunen registrerer ei aukande frustrasjon over manglande ferdigstilling/tilbakeføring. Kommunen har i vår bede verksemda som driv med utskiping av grus og sand om oppdatering på status, herunder gjeldande driftsplanar, forhold til reguleringsplan mv. Tilbakemeldinga så langt har vore mangelfull.

Kommunen fekk nyleg oversendt kopi av Statsforvaltar sin kontroll (2025) med utskipingsanlegga for pukkverk på Jelsa frå "Kleiva vel", hytteforening rundt Økstrafjorden i Suldal, som også har gitt eigen uttale til planforslaget tidlegare. Kommunen fekk også kopi frå Statsforvaltaren av tilsynsrapport utarbeidd etter besøk ved utskipingsanlegget for sand og grus i Årdal. Tilsynsrapportane påpeikar ein del manglar ved drifta.

D Forholdet til kommuneplanen sin samfunnsdel

Særleg dei statleg/regionale merknadane som er komne inn, har synspunkt i kva grad høyringsframlegget oppfyller kommunen si eiga målsetting. Dei er også opptekne av at det skal vera samsvar mellom kommuneplanen sin samfunnsdel og byggeråstoffplanen.

Kommuneplanen sin samfunnsdel vart endeleg vedteken i møte 12.6.25. I kap 5 Arealstrategi i kommuneplanen er det m.a. sagt dette som har relevans for område omtalt i denne planen:

- *Gjennom konsekvensutgreiing levert av utbygger/tiltakshavar skal områda i kommunedelplan byggeråstoff vurderast for vidareføring til kommuneplanen sin arealdel.*

Før ein legg til rette for nye byggeområde skal det føreliggja eit tilstrekkeleg kunnskapsgrunnlag om naturfare og naturmangfald. Dette skal liggja føre når utbyggingsforslag vert sendt kommunen.

Det er også gjort vedtak om å prioritera bruk av “grå” areal framfor grønne, jfr vedtak om planstrategi/planprogram frå september 2024 (kst vedtak 66/24)

“Me treng meir næringsareal, det bør vera område som er regulert og klar til opparbeiding og områder avsatt til næringsformål. Fortetting og bruk av grå areal (gjenbruk av areal kor inngrep allereie er gjort) bør prioriterast før nye areal blir omdisponert til næring”

E Plantype kommunedelplan

Planframlegget er ein temaplan. Det betyr at han ikkje har eit juridisk bindande plankart. Eit slikt plankartet vert teikna når kommunen reviderer kommuneplanen sin arealdel. Koplinga mot arealstrategien i kommuneplanen sin samfunnsdel er difor viktig. Det same er forholdet til den komande revisjon av kommuneplanen sin arealdel.

Lovar, føresegner, rundskriv

Det vert her vist til plan og bygningsloven sine reglar om prosess for kommunedelplan, sjå kap 11 og prg 11-1:

“Det kan utarbeides kommunedelplan for bestemte områder, temaer eller virksomhetsområder”

I og med kommunedelplanen her er ein temaplan, vert eventuell juridisk verknad seg gjeldande fyrst når eit område eventuelt vert teke med i kommuneplanen sin arealdel. Der er fleire muligheter aktuelle. Eit område kan leggjast inn som område for masseuttak, eller som ei omsynssone. Omsynssoner (eller hensynssoner) er omtalt i plan og bygningsloven prg 11-8. Det som kan vera aktuelt her er 11-8-c:

§ 11–8 Hensynssoner

Kommuneplanens arealdel skal i nødvendig utstrekning vise hensyn og restriksjoner som har betydning for bruken av areal. Hensyn og forhold som inngår i andre ledd bokstav a til f, kan markeres i arealdelen som hensynssoner med tilhørende retningslinjer og bestemmelser. Det kan angis flere soner for samme areal.

Til hensynssone skal det i nødvendig utstrekning angis hvilke bestemmelser og retningslinjer som gjelder eller skal gjelde i medhold av loven eller andre lover for å ivareta det hensynet sonen viser. Det kan fastsettes følgende hensynssoner:

- - c) Sone med særlige hensyn til landbruk, reindrift, **mineralressurser**, friluftsliv, grønnstruktur, landskap eller bevaring av naturmiljø eller kulturmiljø, med angivelse av interesse.
 - *For randsonen til nasjonalparker og landskapsvernområder kan det, samtidig med fastsetting av verneforskrift for nytt verneområde eller revisjon av verneforskrift eller forvaltningsplan for etablerte verneområder, fastsettes bestemmelser for å hindre vesentlig forringelse av verneverdiene i verneområdet.*
 - *Det kan gis retningslinjer om begrensninger av virksomhet og vilkår for tiltak for å ivareta interessen i sonen.*
 - *Det kan gis retningslinjer om hvilke hensyn som skal vektlegges ved praktisering av annen lovgivning så langt kommunen er tillagt myndighet etter vedkommende lov.*

- .+

Det vert også vist til mineralloven sitt regelverk om driftskonsesjon.

Ved å nytta omsynssone i kommuneplanen sin arealdel på utvalde mineralressurser, vil ein sikra at desse ikkje vert nedbygde. Ulempen kan likevel vera at dette kan medføre begrensingar i bruken av egedomen elles, td landbruksdrifta.

Økonomiske konsekvensar

Planen har ingen direkte økonomiske konsekvensar for kommunen. Men korleis utviklinga i byggeråstoffnæring påverkar mulighetene i næringslivet generelt, og i kva grad me maktar å satsa på attraktive lokalsamfunn, betyr ein god del.

Gjeldande planar, retningslinjer og vedtak

Denne planen kjem delvis parallelt med revisjon av gjeldande kommuneplan og kommunedelplan naturmangfald. Revidert kommuneplanen samfunnsdel vart endeleg vedteken 12.6.25.

Konsekvensar for naturmangfald, klima og miljø

Konsekvens for naturmangfald og miljø inngår i KU. Mange av dei innkomne merknadane gir uttrykk for bekymring i forhold til særleg natur og miljø. Uttak av byggeråstoff gir store irreversible inngrep i naturen. Sjølv uttaka har potensiale til å ha utslepp i form av støv og støy. Dei skal likevel driva innfor gjeldande regelverk knytt til driftskonsesjon, naturmangfald, forureining og plan. Det er ei utfordring at ansvar for oppfølging er knytt til ulike "kontrollorgan" som Direktoratet for minrealforvaltning (gir driftskonsesjon etter minerallova), Statsforvaltaren (gir utsleppsløyve etter forurensingslova), og kommunen (skal passa på plan og bygningsloven).

Konsekvensar for barn, unge, eldre, folkehelse og menneske med nedsett funksjonsevne

Konsekvens for naturmangfald og miljø inngår i KU. Mange av dei innkomne merknadane gir uttrykk for bekymring i forhold til folkehelse. Nokre mindreårige har kome med merknad til område 1P Knutviksheia, og dei ber om at denne vert teke ut av planen.

Vurdering av universell utforming

Ikkje relevant

Innkomne uttalar

Sjå vedlegg med ei kort oppsummering av innhald i innkomne merknadar, samt ei nummerering. Originalinnspela er å finne via kommunen si nettside. Det er registrert inn heile 79 uttalar fordelt på desse hovudgrupperingane:

A Frå nasjonale/regionale styresmakter og nettselskap

NVE, Statsforvaltaren, Direktoratet for mineralforvaltning, Rogaland fylkeskommune, Statens vegvesen, Fagne

Her er fokus på kommunen sine eigne behov, samt gjenbruk. Lite som gjeld dei enkelte ressursområda som er prioriterte i høyringsforslaget.

B Frå næringslivet

Heidelberg materials, Hjelmeland Handel og serviceforening, Grieg Seafood

Heidelberg materials påpeiker at dei ynskjer uttak av pukk også i Jøsenfjorden. Handel og serviceforeningen og Grieg Seafood er kritiske til tankane om steinbrot i Knutsvikheia. Handels/serviceforeningen er redd tiltaket kan verka negativt på Hjelmeland som turist og hyttekommune, Grieg Seafood er skeptiske til verknadane for fjorden; dei har eit anlegg som i dag ligg rett ved det aktuelle området.

C Frå Lag og foreningar

Naturvernforbundet i Suldal, Forum for natur og friluftsliv, Jøsneset bygdaråd, Naturvernforbundet og Forum for natur og friluftsliv peikar på at det er etter måten lite konkret dokumentasjon av naturmangfald. Naturvernforbundet i Suldal er særleg kritiske til Knutsvikheia som berører deira nærområde. Jøsneset bygdaråd legg fram resultatet frå ein meningsmåling frå 58 fastbuande på Jøsneset, som viser at det er delt syn på mulig uttak av pukk. Rundt 60% er positive. Forum for natur og friluftsliv har elles kommentarer til dei fleste områda som er prioriterte i planen, i motsetnad til td Statsforvaltaren som har lite spesifikt å seia.

D Frå grunneigarar og nabolag/velforeningar rundt Knutsvikheia inkludert Suldalssida

Vel 50 separate uttalar frå privatpersonar og velforeningar som alle er kritiske til mulig uttak av pukk frå Knutsvikheia. Det vert sett spørjeteikn ved helseutfordringar knytt til støv og støy. Ein del hytter ligg relativt tett på det aktuelle området. Nokre peiker på røynsle frå pukkverket på Berakvam/Jelsa og er veldig skeptisk til eit eventuelt nytt pukkverk i Hjelmeland.

E Frå nabokommunar

Stavanger og Suldal; ikkje merknad. Saka er ikkje lagt fram politisk.

F Grunneigarar og nabolag i Årdal

Sju merknadar, i hovudsak protest på forslag. Grunneigar på Tjentland er positiv.

G Grunneigarar og nabolag Dyneneset

To grunneigarmerknadar som ikkje ynskjer uttak.

H Andre

To uttalar vedr. naturstein på Randøy. Ber om at eit konkret område vert vidareført
Ein uttale vedr. bruk av gammalt sandtak til masselager: Gjeld Ingvaldstad.

Vurdering

Samfunnsutvikling og byggeråstoffnæring

Kommunedirektøren merker seg at arbeidet med førebuing og gjennomføring av planarbeidet har strekt seg over eit langt tidsrom (frå siste revisjon av kommuneplanen sin arealdel i 2019). På desse åra har det skjedd mykje i samfunnet som har betydning for næringa. Ved sist kommuneplanrevisjon kom det i siste fase opp ynskje om å leggja inn ei rekke område som masseuttaksområde. Løysinga vart at nokre område vart lagt inn, medan kommunen skulle utarbeida ein eigen plan for handtering av denne næringa. På det tidspunktet var det sand og grus som stod i fokus saman med naturstein. Over tid har problematikken knytt til massehandtering generelt kome opp med full styrke. I planarbeidet vart det lagt inn at ein skulle sjå på pukkverk.

Så registrerer ein at ingen av områda som vart lagt inn til massetak ved revisjonen i 2019 er realisert. Drift av eksisterande sand og grustak dreg ut i tid. I Jøsenfjorden har det siste året vore stopp. I Årdal er det aktivitet, men lite slutføring av prosjekt. Det er meldt oppstart for regulering av eit av områda i kommuneplanen (Svadberg), men planarbeidet har stoppa opp.

Gjenbruk av massar er blitt eit nasjonalt mål, sjå “Nasjonale forentingar til regional og kommunal planlegging frå 2023”. Her kan ein lesa denne forventningen: *“Heilskapeleg masseforvaltning blir avklart i regionale og kommunale planar. Planar for større bygge og anleggsarbeid avklarar korleis overskotsmassar skal disponerast og korleis nødvending real til handteringa skal sikrast. Moglegheita for ombruk og materialgjenvinning blir vurdert og ein bør prøve å oppnå massebalanse.* Uttalane frå Rogaland fylkeskommune, Statsforvaltar og Direktoratet for mineralforvaltning fokuserer i varierende grad på gjenbruk av masser og på at kommunen må ha oversikt over eige forbruk av denne type massar.

Kommunedirektøren vart noko overraska over denne vektlegginga, då ein trudde det var nokså opplagt at dei ressursene Hjelmeland har å by på av sand, grus, pukk og naturstein er for eksport innanlands og utanlands. I praksis betyr det at behov for tilført masse i allefall i nye innanlands prosjekt blir mindre. Har den enkelte utbyggjar behov for tilleggsmasser, blir det pluss i margen viss ein kan dokumentera at dette er masser som er gjenvunne frå prosjekt med overskotsmasser. Lokalt ser me dette td ved at overskotsmasser ved uttak av naturstein vert knust til singel, grus og sand. Overskotsmasser ved utsprenging av tomter vert nytta på plassen, eller lagra for seinare bruk. Det er nok ikkje utan grunn at mykje av tomtearealet i industriområdet på Viganeset i aukande grad fungerer som masselager.

Tidlegare var natursand klart foretrukket som betongstilslag. I dag har utviklinga av knust stein til “maskinsand” kome så langt at dette kan konkurrera med natursanden. Sett i lys av gjenbrukstanken over, så vil ofte bruk av knust stein - gjerne som resultat av gjenbruk - kunne vera ein konkurransefordel framfor bruk av “ny” natursand. Dette når omsyn til klima, miljø og natur vert sett på dagsorden.

Utviklingstrekk som er gjort greie for over, peikar i retning av at behovet for å leggja til rette for nye uttak av sand og grus er mindre i dag enn ved sist revisjon av kommuneplanen. Alle typer uttak av byggeråstoff har også større konfliktpotensiale enn før.

Næringsutvikling i forhold til andre interesser

Sand og grusnæring samt uttak av naturstein er næringar som har lang tradisjon i kommunen, med drift i over 100 år. Dei representerer pr i dag store naturinngrep i kommunen vår, sjølv om mykje av inngrepa har ført til nydyrking av store areal som elles ikkje hadde vore “løysande” som landbruksareal. Ved eventuelt uttak av pukk vert inngrepa enda større og meir omfattande. Risiko for skade på natur og kultur, og risiko for å gjera lokalsamfunna mindre attraktive, må vegast mot verdien av å ta ein viktig naturessurs og å skapa aktivitet. I nyleg vedteken kommuneplan har ein sagt at ein vil satsa på næringsutvikling med basis i dei eksisterande næringane. I sama plan står det at reiseliv skal særleg vektleggjast. Kommunediretøren merker seg at Handel og serviceforeningen engasjerer seg mot etablering av mulig pukkverk i Knutsvikheia. Dei skriv mellom anna: *Et større masseuttak i et naturnært og attraktivt område som Knutsvikheia vil etter vårt syn kunne redusere områdets appell for fritidsbeboere og besøkende. Dette vil kunne gi utslag i form av redusert handel og svekket økonomi for mange lokale bedrifter –spesielt i helger og ferier, hvor fritidsbeboernes tilstedeværelse i dag utgjør en vesentlig del av kundemassen. Handels- og servicenæringen i Hjelmeland er sårbar for endringer i tilstrømming av fritidsbrukere. Dersom tiltaket medfører redusert bruk av fritidsboliger, færre besøk og svekket tilknytning til kommunen, vil dette kunne medføre et betydelig økonomisk tap –ikke bare for næringslivet, men på lengre sikt også for kommunens egne inntekter og utviklingsmuligheter*

Kommunedirektøren er noko usikker på kor mykje ein skal tillegga dette vekt, men erkjenner at det er moment ein må ta med seg inn i samla vurdering.

Kva erfaringa me har med næringa til no i vår kommune?

Uttak av sand og grus har skapt mykje nytt og flatt jordbruksland i Jøsenfjorden, i Vormedalen og i Årdal. Mange bønder har i tillegg fått gode inntekter ved sal av sand og grus. Utskipingsanlegga har skapt arbeidsplassar, både på anlegga og ved lasting og transport av masse frå uttaksområda til utskipingsområda. Mange i kommunen har framleis sitt levebrød knytt til sand, grus og naturstein, men ein god del av dette er knytt til verksemd i nabokommunane (Nordmarka og Berakvam). Den lokale sysselsettingsverdien knytt til sand og grusnæringa er betydeleg redusert. Det er verdt å merka seg at det politisk er bedt om meir tilgjengeleg næringsareal, og dette skal helst skje ved bruk av allereie opparbeidd areal. Er områda på Svadberg utnytta maksimalt?

I seinare år har kommunen opplevd større frustrasjon frå grunneigarar og/eller bygdefolk over uttak som tilsynelatande aldri vert ferdige. Døme er Ullestad i Årdal. Råstoffleverandøren kan ha interesse i å ha mykje land ope for å kunne ta ut ulike kategoriar masse, medan grunneigarar og bygdefolk klagar over at anleggstida aldri tek slutt. Ved nærare gjennomgang av ein del av desse eldre etablerte uttaksstadene, er det jamnt over konstatert dokumentmanglar, og også inngrep i strid med gitte løyve. Ved førespurnad til Direktoratet for mineralforvaltning - som er tilsynsorganet for denne næringa - møter ein lite engasjement for å driva nettopp tilsyn og oppfølging. Det er truleg snakk om ressursbruk der også, og i den store samanhengen her er det gjerne andre mineralforekomstar i landet som stel merksemda frå uttak av "gråstein".

Samstundes er byggeråstoff ei viktig næring som Hjelmeland kommune med stor tverrpolitisk semje har vore med og lagt til rette for. Bestillinga av denne byggeråstoffplanen er lekk i den kommunale tilrettelegginga. Bedrifter i kommunen har levert kvalitetssand til den nasjonale og internasjonale marknaden. Her er sand til bruer i Danmark og betongplattformer i Nordsjøen. "Randøystein" er blitt ei merkevare me er stolte av.

Byggerstoffnæringa er ei viktig næring både lokalt, regionalt og nasjonalt. Men når ein veit at næringa representerer store inngrep, så er det viktig å vera trygg på at oppfølginga frå tilsynsstyresmaktene er tett og god. Det er klare manglar knytt til dette i dag.

Pukkverk?

Pr i dag har kommunen, som tidlegare nemnt, ikkje lokal røynsle med drift av pukkverk. Men ein kan ikkje ta ut den geologisk ressursen utan å fjerna naturen som ligg oppå, noko som representerer eit stort inngrep.

Generelt opplever kommunen auka konfliktnivå mellom heiltids/deltidsbuande og utvikling større næringstiltak. Me kan her nemna engasjementet rundt mulig etablering av oppdrettsanlegg i Garsundet, eller kveite på Sigmundstad og ved Viganeset.

Konklusjon

På bakgrunn av høyringsrunden og til utfordringar knytt til eksisterande uttak, vil kommunedirektøren forslå ein del vesentlege endringar i plandokumentet, med påfølgjande verknad inn mot arbeidet med revisjon av kommuneplanen sin arealdel. Dei største konkrete endringasforslaga er knytte til kap 7.2, der kommunedirektøren foreslår å ta ut fleire av dei områda som ligg inne i høyringsframlegget. Endringane kan elles knytast til følgjande punkt:

- Det er mindre behov for å frigjera nye byggeråstoffressurser enn det ein såg for seg då planarbeidet vart bestilt. Behov for masse vert i større grad løyst gjennom bruk av maskinknust masse.

- Det er ei utfordring av eksisterande uttak dreg for lenge ut og ikkje blir ferdigstilt. Dermed vert dei heller ikkje klargjorde for nye samfunnsnyttige føremål. Pr idag er det også miljøutfordringar knytte til drift av utskipingsanlegga.
- Desse geologiske ressursene er ikkje fornybare. Det er ikkje nødvendigvis berekraftig å utvinna dei som raskt som råd. Bruk av omsynssoner må vurderast. Det kan vera klokt å avventa fornying av fylkeskommunen sin byggeråstoffplan. Men det er eit poeng å hindra at for mykje av dei påviste ressursene vert nedbygde.

Kommuneplanen sine satsingsområde som gjeld attraktive lokalsamfunn og arealstrategi må takast omsyn til. Kommunen har satsing på reiseliv særskilt nemnt. Her kan vera motsetnader med bergverksdrift.

Forslag til endringar i plandokumentet

Kommunedirektøren vil foreslå at ein vedtek den endelege planen i ein to-gong, slik det vart gjort med kommuneplanen sin samfunnsdel. Det vil i så fall bety at kommunestyret “bestiller” endringar som då administrativt vert innarbeidd i plandokumentet. Endeleg justert forslag vert då lagt fram for kommunestyret direkte til sluttgodkjenning. Utgangspunktet for endringane er plandokumentet som var ute på høyring (ligg ved).

01 INNLEIING

Framlegg frå kommunedirektøren: Kapitlet vert oppdatert i forhold til resten av prosessen som har pågått

02 MÅL OG BAKGRUNN FOR PLANARBEIDET

Framlegg frå kommunedirektøren: Kapitlet vert oppdatert i forhold til godkjent kommuneplan samfunnsdel

03 GJENNOMFØRING AV PLANARBEIDET/MEDVERKNAD

Framlegg frå kommunedirektøren: Kapitlet vert oppdatert i forhold til omtale av gjennomført høyring og responsen der

04. MINERALRESSURSER I HJELMELAND

Framlegg frå kommunedirektøren: Kapitlet vert supplert i forhold til status for/utfordringar med områda som er drift pr i dag, jfr drøftingar over.

05 MASSEHANDTERING

Framlegg frå kommunedirektøren: Ikkje endring

06 VURDERING AV RESSURSGRUNNLAG, INNSPEL og MERKNADAR SAMT VURDERING KU

Framlegg frå kommunedirektøren: Kap 6.2 vert endra til Innspel, merknadar og høyringsrunde. Dette underkapitlet omtalar i grove trekk kva som er kome fram i høyringsrunden.

07 TILTAK, VIDARE HANDTERING SAKSBEHANDLING

07.1 Generelt

Framlegg frå kommunedirektøren: Her legg ein inn omtale av omsynssoner som verkemiddel i plassen for område for masseuttak, og konsekvens av slik bruk av omsynssone.

07.2 Byggeråstoff

Framlegg frå kommunedirektøren:

Under kap 7.2.1 Pukk foreslår ein: 1 Området 1P KNutsvikheia utgår som mulig framtidig område for pukkverk, men vert teke med vidare inn i kommuneplanen sin arealdel for å vurderast som omsynssone (sort område med nasjonal verdi)

2 Området 7P Dyneneset går ut som mulig framtidig område for pukkverk. Området vert heller ikkje teke med som omsynssone (mindre område, ikkje ynskje frå grunneigarar)

3 Området !6G sandanger Ingen endring

Under kapt 7.2.2 Sand og grus foreslår ein å leggja inn generelle rekkefølgekrav i kommuneplanen om at ein ikkje får ta nye område i bruk før 75 % av eksisterande uttak i same området er sluttført

1 Innspel 1, del av 3G Moen i Jøsenfjorden: Ingen endring

2 Innspel 3, del av 1G Storhogg. Ingen endring

3 Del av 6G/RS8 Krossleite Ingen endring

4 12G Laugalandsbrekka Ingen endring

5 Del av ressurs 21G, vestre del av innspel 6, RS10 - Mæle, Årdal:

Berre den delen som ligg i gjeldande kommuneplan blir med vidare.

6 Del av ressurs 21G Innspel 6 austre del: vert teke ut av plandokumentet då dette er for omstridt i forhold til sentral beliggenhet og forholdet til fornminner

7 Del av ressurs 23G - Soppeland Innspel Tjentland: Går ut som masseuttaksområde. Omsynssone kan vurderast nærare.

8 Omsynssone Rivelandsområdet: Utgår frå planen pga ynskje frå grunneigarar

Under kap 7.2.3 Naturstein: Ikkje endring